



Kartverket Tinglysing
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/69 - 18/3994

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

26.02.2018

Krav om sletting av burett gbnr 1/41

Meland kommune skal gjennomføra samanslåing av 1/41 med 1/261 på Flatøy. Før dette ynskjer heimelshavar å få sletta ein burett for avdøde Borghild Johannesen f. 1900- d. år ukjent.

Buretten er registrert i grunnboka : 1964/3632-2/51, 12.07.1964 Bnr 41 er i dag eit ubebygd restareal etter vegutbygging på 267 m2 og det er ingen bygningar på denne eigdommen i dag.

Vedlagt er kopi av aktuell side i bygdeboka for Meland der vedkomande er registrert med pikenavnet sitt Borghild Karlsdotter Ådland, gift 1922 med Johan August Johannesson . Desse eigde bnr 41 fram til 1964, då denne buretten vart oppretta.

Vedlagt ligg også brev frå grunneigar Alf Flatøy, som er etterkomar av avdøde, der han ber om at hefter vert sletta.

Vonar dette er tilstrekkeleg dokumentasjon til at de kan sletta denne buretten.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg Burett gnr 1 bnr 41
Krav om sletting av rettane på GBNR 1/41 og 1/140